

Kraftsituasjonen veke 4, 2022

Nok ei veke med mykje vindkraft i Norden

Høg vindkraftproduksjon i Norden bidrog til at kraftprisen i Sør-Sverige og Danmark gjekk ytterlegare ned førre veke. Det er spesielt i periodar med lågt forbruk og mykje vindkraft at kraftprisen fell. Dette er typisk om natta og i helga.

Sørlege Noreg (NO1, NO2, og NO5) opplevde ikkje like låge kraftprisar i dei same periodane. Dette har samanheng med at kraftprisen på kontinentet heldt eit høgt nivå. Sjølv om sørlege Noreg til tider importerte rimeleg kraft frå Midt-Noreg (NO3) og Sør-Sverige (SE3), var det framleis eksport til Nederland, Tyskland og Storbritannia. Unntaket var natt til laurdag då sørlege Noreg hadde import frå kontinentet, Midt-Noreg og Sør-Sverige samtidig.

Førebelse produksjonstal viser at vasskraftproduksjonen i sørlege Noreg gjekk ned førre veke. Dette har bakgrunn i at vasskraftprodusentar verdset vatnet høgare enn kraftprisane var i enkelte timar med import frå naboprisområda. Ved å halde tilbake produksjon no, har ein att meir vatn til kraftproduksjon seinare. Ein høgare del av forbruket vart dermed dekt av import i timar med låge prisar i landa rundt oss. Lågare vasskraftproduksjon bidrog til at sørlege Noreg ikkje fekk like låge kraftprisar som naboprisområda.

I slutten av veka vart kapasiteten på kablane mellom Noreg og Danmark endra. Noreg har no kapasitet til å importere 1680 MW og eksportere 1143 MW til Danmark. Noreg har med dette auka importmoglegheit med ca. 500 MW. Kapasiteten må framleis reduserast i ei retning grunna eksisterande feil på kablane.

Kraftprisane i Noreg var førre veke relativt uendra samanlikna med veke 3. For sørlege Noreg (NO1, NO2, og NO5) var gjennomsnittleg vekepris 131 øre/kWh, ein nedgang på fem prosent. For Midt- og Nord-Noreg var vekeprisen 16 øre/kWh, ein auke på fire prosent.

Vassmagasinstatistikk

Mindre vatn i magasin. Ved utgangen av veke 4 var fyllingsgrada i norske magasin 48,9 prosent. Gjennom veka gjekk magasinfyllinga ned med 1,3 prosentepoeng. Medianverdien for fyllinga på tilsvarende tidspunkt for åra 2002-2021 er 59,7 prosent.

Høgast magasinfylling hadde Nord-Noreg (NO4) med 63,7 prosent, mens Aust-Noreg (NO1) hadde lågast fylling med 40,0 prosent.

Vêr og hydrologi

I veke 4 var det mildt i heile landet med temperaturar som var 2-5 grader over vekegjennomsnittet for siste 20 år i Sør-Noreg og 1-2 grader over i Nord-Noreg. I veke 5 er det venta kjøligare vêr, med temperaturar som rundt vekegjennomsnittet i Sør-Noreg og 3-4 grader under vekegjennomsnittet i Nord-Noreg.

For veke 4 er berekna tilsig 1,7 TWh. Det er 104 prosent over vekegjennomsnittet. I veke 5 er det venta eit tilsig på 1,2 TWh, det er 60 prosent over vekegjennomsnittet.

Berekna snømagasin i slutten av veke 4 er 31 TWh, og prognosert snømagasin ved slutten av veke 5 er 36 TWh. Snømagasinet i veke 4 er om lag 3 TWh mindre enn gjennomsnittet (2001-2020) for denne tida av året.


Magasinfylling

Tabell 1 Magasinfylling. Kjelde: NVE og Nord Pool


	Prosent				Prosenteningar		
	Veke 4 2022	Veke 3 2021	Veke 4 2021	Median veke 4	Endring frå sist veke	Differanse frå same veke i 2021	Differanse frå median
Norge	48,9	50,1	67,1	59,7	-1,3	-18,2	-10,9
NO1	40,0	42,7	59,7	47,7	-2,8	-19,8	-7,7
NO2	43,5	44,2	75,2	65,1	-0,7	-31,7	-21,7
NO3	56,7	58,5	57,9	53,9	-1,8	-1,2	2,8
NO4	63,7	65,0	67,4	60,0	-1,3	-3,7	3,7
NO5	41,4	42,8	57,9	56,1	-1,4	-16,5	-14,7
Sverige	53,3	55,0	63,1	56,8	-1,7	-9,8	-3,5

*Referanseperioden for medianen er 2002-2021 for Noreg og dei fem norske elspotområda.



Figur 1: Fyllingsgraden til vassmagasina i Noreg. Prosent. Kjelde: NVE






Figur 2: Fyllingsgraden til vassmagasina i Sverige. Prosent. Kapasitet=33,8 TWh. Kjelde: Svensk Energi



Figur 3 Fyllingsgraden til vassmagasina i elspotområda NO1, NO2, NO3, NO4 og NO5. Prosent. Kjelde: NVE





Tilsig og nedbørtilhøve

Tabell 2 Tilsig og nedbør. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE¹

TWh	Veke 4 2022	Veke 4 Gjennomsnitt	Veke 4 2021	Differanse frå same veke i 2021	Prosent av gjennomsnitt veke
Tilsig	1,7	0,8	0,1	1,6	204
Nedbør	7,8	3,5	0,5	7,3	222

Tabell 2a Utviklinga i tilsig og nedbør så langt i år. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE¹


TWh	Veke 1-4 2022	Gjennomsnitt	Differanse frå gjennomsnitt
Tilsig	5,8	4,0	1,8
Nedbør	22,6	15,4	7,2

Tabell 2b Forventa tilsig og nedbør i inneverande veke. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE¹

	TWh	Prosent av gjennomsnitt
Tilsig	1,2	160
Nedbør	5,5	170

For fleire detaljar når det gjeld vassføring i Noreg sjå: <http://www2.nve.no/h/hd/plotreal/>


Figur 4 Nedbør i Noreg 2021 og 2022, og gjennomsnitt for perioden 2002-2021, GWh. Kjelde: NVE¹




¹ For fleire detaljar sjå <https://www.nve.no/energi/analyser-og-statistikk/hydrologiske-data-til-kraftsituasjonsrapporten/>

Figur 5 Nyttbart tilsig i Noreg i 2021 og 2022, maks, min og gjennomsnitt for perioden 2002-2021, GWh. Kjelde: Nord Pool og NVE¹

Kjelde: Nord Pool og NVE¹



Figur 6 Hydrologisk balanse for Noreg, ref. periode (2002-2021). Kjelde: NVE¹



*Hydrologisk balanse er definert som samla vasskraftpotensial samanlikna med normalt


Tabell 3 Hydrologisk balanse for Noreg. Kjelde: NVE¹

TWh	Veke 4 2022	Anslag veke 5 2022
Avvik magasin	-8,2	-7,7
Avvik snø, grunn- og markvatn	-1,7	0,4
Hydrologisk balanse	-9,9	-7,4

Figur 7 Temperaturar i Noreg per dag, gjennomsnitt og normal for veka. Kjelde: Meteorologisk institutt og SKM Market Predictor



Figur 7b Utviklinga av snømagasin for dei norske vassmagasina vintrane, 2019/20, 2020/21 og 2021/22 i GWh. Gjennomsnitt, maksimum og minimum er for 20-års-perioden 2001-2020. Raud linje synar òg prognose. Kjelde: NVE



Produksjon, forbruk og utveksling


Tabell 4 Nordisk produksjon, forbruk* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: SKM Market Predictor

	Veke 4	Veke 3	Endring frå førre veke (GWh)	Endring frå førre veke (%)
<i>Produksjon</i>				
Norge	3 257	3 346	-88	-3 %
NO1	299	323	-24	-7 %
NO2	1 110	1 238	-127	-10 %
NO3	697	648	49	8 %
NO4	599	495	104	21 %
NO5	552	642	-90	-14 %
Sverige	3 878	3 975	-97	-2 %
SE1	464	499	-35	-7 %
SE2	1 246	1 360	-114	-8 %
SE3	1 878	1 863	15	1 %
SE4	290	254	36	14 %
Danmark	838	880	-42	-5 %
Jylland	589	599	-10	-2 %
Sjælland	249	281	-32	-12 %
Finland	1 426	1 541	-115	-7 %
Norden	9 399	9 742	-343	-4 %
<i>Forbruk</i>				
Norge	3 053	3 118	-66	-2 %
NO1	825	888	-62	-7 %
NO2	826	830	-4	-1 %
NO3	613	613	1	0 %
NO4	430	419	11	3 %
NO5	358	368	-10	-3 %
Sverige	3 116	3 242	-126	-4 %
SE1	234	229	5	2 %
SE2	342	341	1	0 %
SE3	2 002	2 095	-92	-4 %
SE4	538	578	-40	-7 %
Danmark	753	776	-23	-3 %
Jylland	458	471	-13	-3 %
Sjælland	295	305	-10	-3 %
Finland	1 811	1 854	-43	-2 %
Norden	8 733	8 990	-257	-3 %
<i>Nettoeksport</i>				
Norge	205	227	-23	
Sverige	762	733	29	
Danmark	85	104	-19	
Finland	-385	-313	-72	
Norden	666	751	-86	


* Ikkje temperaturkorrigerte tal.

Vind- og kjernekraftproduksjon



Figur 8 Kjernekraftproduksjon i Sverige og Finland dei to siste vekene. Kjelde: SKM Market Predictor (Førebels statistikk).



Figur 9 Vindkraftproduksjon i Noreg, Danmark, Finland og Sverige dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Noreg, Danmark, Finland og Sverige i år og førre år. (Førebels statistikk). Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 10 Vindkraftproduksjon i Norden ,Tyskland og Storbritannia dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Norden ,Tyskland og Storbritannia i år og førre år. (Førebels statistikk). Kjelde: SKM Market Predictor



Utviklinga i kraftproduksjon og forbruk


Tabell 5 Produksjon, forbruk og utveksling så langt i år. Kjelde: SKM Market Predictor (Førebels statistikk)

Norge (TWh)	Til no i år	Same periode (2021)	Endring (%)	Endring (TWh)
Produksjon	14,5	17,5	-20,8	-3,0
Forbruk	13,4	15,6	-16,9	-2,3
Nettoeksport	1,1	1,9		-0,8


Norden (TWh)	Til no i år	Same periode (2021)	Endring (%)	Endring (TWh)
Produksjon	40,8	43,5	-6,6	-2,7
Forbruk	38,2	42,5	-11,2	-4,3
Nettoeksport	2,6	0,9		1,6

Utvexling


Figur 11 Nettoutveksling pr. veke for Noreg og Norden i år og førre år., GWh. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 12 Import og eksport i dei norske elspotområda førre veke. Alle tal i GWh. Kjelde: SKM Market Predictor.



Figur 13 Marknadsflyt mellom elspotområda i Norden førre veke, GWh. Kjelde: SKM Syspower



* Tal for veka før står i parentes. Mellom Russland og Finland er det oppgjeve tal for fysisk flyt.


Kraftprisar

Engrosmarknaden


Tabell 6 Kraftprisar – nordiske elspotområde*. Vekesnitt. Kjelde: SKM Market Predictor.

kr/MWh	Veke 4	Veke 3 (2022)	Veke 4 (2021)	Endring frå førre veke (%)	Endring frå i fjor (%)
NO1	1309,6	1389,0	571,2	-5,7	129,3
NO2	1309,6	1388,9	565,2	-5,7	131,7
NO3	161,0	155,0	525,7	3,9	-69,4
NO4	161,0	155,0	486,8	3,9	-66,9
NO5	1309,6	1371,9	568,1	-4,5	130,5
SE1	167,6	157,8	527,1	6,2	-68,2
SE2	167,6	157,8	527,1	6,2	-68,2
SE3	698,2	1014,6	575,5	-31,2	21,3
SE4	701,1	1028,6	575,6	-31,8	21,8
Finland	895,9	1031,9	578,6	-13,2	54,8
Jylland	984,9	1141,2	566,5	-13,7	73,9
Sjælland	754,2	1072,1	577,7	-29,7	30,6
Estland	1402,7	1387,4	578,6	1,1	142,4
System	749,4	859,3	545,2	-12,8	37,5
Nederland	2135,4	1865,7	549,7	14,5	288,5
Tyskland	1760,3	1691,1	566,2	4,1	210,9
Polen	1423,9	1346,0	585,3	5,8	143,3
Storbritannia	2471,2	2322,3	735,8	6,4	235,8

Figur 14 Gjennomsnittleg vekespris for prisområda Noreg i år. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 15 Spotprisar i Nord en, Nederland, Tyskland og Storbritannia i førre veke. Kjelde: SKM Market Predictor




Terminmarknaden

Tabell 7 Terminprisar, nordisk og tysk kraft, samt CO₂-kvotar. Kjelder: SKM Market Predictor. Prisane i tabellen er sluttprisar fredag i den aktuelle veka.

Terminprisar (kr/MWh)		Veke 4	Veke 3	Endring (%)
Nasdaq OMX (nordisk kraft)	Februar	950,3	874,7	8,6
	Mars	825,3	689,3	19,7
	2. kvartal 2022	576,7	454,6	26,9
	3. kvartal 2022	415,9	326,5	27,4
EEX (tysk kraft)	2. kvartal 2022	2047,9	1612,3	27,0
	3. kvartal 2022	2098,1	1647,1	27,4
CO ₂ (kr/tonn)	Desember 2022	894,2	842,5	6,1
	Desember 2023	904,9	850,8	6,4

Figur 16 Daglege sluttprisar for enkelte typar kontraktar i den finansielle kraftmarknaden siste tolv månader, kr/MWh. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 17 Daglege sluttprisar for utslippkvotar på CO₂, kr/tonn. Kjelde: SKM Market Predictor




Sluttbrukarprisar

Tabell 8 Vekeutvikling i sluttbrukarprisar. Alle prisar er inkl. mva. bortsett frå spotpriskontrakt i Nord-Noreg. Dette er gjort for å gi eit meir korrekt bilete av kva forbrukarar i Nordland, Troms og Finnmark, som har fritak frå mva. på straum, faktisk betalar. Kjelde: Forbrukerrådet, Nord Pool Spot og NVE.

Øre/kWh		Veke 4 2022	Veke 3 2022	Veke 4 2021	Veke 4 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
Variabelpris kontrakt*	Snitt frå eit utval av leverandørar	185,8	194,8	73,6	61,0	-9,0	112,2	124,8
Marknadpris- / spotpriskontrakt		Veke 4 2022	Veke 3 2022	Veke 4 2021	Veke 4 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
	Aust-Noreg (NO1)	168,1	178,0	75,8	30,5	-9,9	92,3	137,6
	Sørvest-Noreg (NO2)	168,1	178,0	75,0	30,5	-9,9	93,1	137,6
	Midt-Noreg (NO3)	24,5	23,8	70,1	29,9	0,7	-45,6	-5,4
	Nord-Noreg (NO4)	19,6	19,0	52,2	23,9	0,6	-32,6	-4,3
	Vest-Noreg (NO5)	168,1	175,9	75,4	30,5	-7,8	92,7	137,6
Fastpriskontrakt		Veke 4 2022	Veke 3 2022	Veke 4 2021	Veke 4 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
	1 år (snitt Noreg)	117,2	117,6	76,7	50,0	-0,4	40,5	67,2
	3 år (snitt Noreg)	93,2	92,4	45,0	48,3	0,8	48,2	44,9


* Metoden for berekning av variabelpriskontrakt er gjennomsnittet av kontraktar som er tilbodne i fleire enn ti nettområder.

Figur 18 Vekeutvikling i pris på spotpriskontrakt* med eit påslag på 4,4 øre/kWh. Kjelder: Nord Pool Spot og NVE.



* Alle prisar bortsett frå spotpriskontrakt for Nord-Noreg inkluderer mva. NVE nyttar eit påslag på 4,4 øre/kWh inkl. mva på alle spotpriskontraktar, bortsett frå spotpriskontraktar i Nord-Noreg, kor påslaget er på 3,5 øre/kWh ekskl. mva.

Figur 19 Vekeutvikling i prisane for spotpriskontraktar*, eitt- og treårige fastpriskontraktar** og variabelpriskontraktar***, basert på eit årleg forbruk på 20 000 kWh. Alle prisar inkl. mva. i norske øre/kWh. Kjelde: Forbrukerrådet.



* Alle prisar bortsett frå spotpriskontrakt for Nord-Noreg inkluderer mva. NVE nyttar eit påslag på 4,4 øre/kWh inkl. mva på alle spotpriskontraktar, bortsett frå spotpriskontraktar i Nord-Noreg, kor påslaget er på 3,5 øre/kWh ekskl. mva. ** For fastpriskontraktar er det brukt eit gjennomsnitt av fastpriskontraktar som er tilbodne i fleire enn ti nettområder. *** Prisar for variabelpriskontraktar vert meldt fram i tid. Metoden for å berekne variabel priskontrakt er å rekne gjennomsnittet av kontraktar som er tilbydd i fleire enn ti nettområder.

Tabell 9 Vekeutvikling i straumkostnaden* for sluttbrukarar. Straumkostnaden er eksklusiv nettleige** og forbruksavgift, men inkl. mva. bortsett frå elspotområdet Nord-Noreg. Dette er gjort for å gi eit meir korrekt bilete av kva forbrukarar i Nordland, Troms og Finnmark, som har fritak frå mva. på straum, faktisk betalar. Kjelde: Forbrukerrådet, Nord Pool Spot og NVE.

		Bereknastraumkost.			Bereknastraumkost.			Differanse		
		veke 4 2022	veke 3 2022	Endring frå førre veke	hittil i 2022	veke 4 2021	frå 2021 til no i år	Bereknastraumkost.	Differanse	
		NOK								
Marknadspotpriskontrakt	Aust-Noreg (NO1)	10 000 kWh	481	505	-25	2054	217	1260	87	1640
		20 000 kWh	961	1011	-49	4109	433	2519	174	3281
		40 000 kWh	1923	2021	-98	8217	858	5047	348	6561
	Sørvest-Noreg (NO2)	10 000 kWh	481	505	-25	2054	215	1262	87	1640
		20 000 kWh	961	1010	-49	4109	429	2523	174	3281
		40 000 kWh	1923	2021	-98	8217	858	5047	348	6561
	Midt-Noreg (NO3)	10 000 kWh	70	67	3	411	200	-310	85	21
		20 000 kWh	140	135	5	821	401	-621	171	43
		40 000 kWh	281	270	11	1643	802	-1242	341	86
	Nord-Noreg (NO4)	10 000 kWh	56	54	2	327	149	-159	68	16
		20 000 kWh	112	108	4	653	299	-318	137	31
		40 000 kWh	224	216	8	1306	597	-635	273	62
	Vest-Noreg (NO5)	10 000 kWh	481	499	-19	2010	216	1216	87	1596
		20 000 kWh	961	998	-37	4019	431	2431	174	3191
		40 000 kWh	1923	1997	-74	8038	863	4863	348	6382
Variabelpriskontrakt	10 000 kWh	538	560	-22	2276	218	1507	182	1542	
	20 000 kWh	1063	1106	-43	4498	421	3019	349	3087	
	40 000 kWh	2112	2198	-86	8943	827	6043	683	6175	

* NVE nyttar ein temperaturkorrigerst justert innmatingsprofil, basert på alminneleg forsyning i 2009-2014, for å berekna straumkostnaden til sluttbrukarane. Innmatingsprofilen er berekna av konsultentselskapet Optimeering AS på oppdrag frå NVE. Den same innmatingsprofilen er nytta for alle elspotområda og variabelpriskontrakt.

** Oversikt over nettleige per fylke og nettselskap finnes på [RMEs nettsider](#).

Tilstanden til kraftsystemet²

Det er vedlikehaldsarbeid på linjenett og ved kraftstasjonar fleire stader i Norden. For meir informasjon om linjer og kraftverk viser vi til heimesidene til Nord Pool.

Produksjon

Type	Område	Publisert av	Eining	Dato fra	Dato til	Varighet	Installert (MW)	Utilgjengeleg (MW)	Link til UMM
Planned	SE3	Stockholm Exergi AB	Värtan KVV1	2021-04-01	2022-02-08	313 dagar	190	140-190	Link 4
Planned	DK2	Ørsted Bioenergy & Thermal Power A/S	Avedøreværket AVV2	2022-01-25	2022-01-31	6 dagar	548	468-548	Link 5
Unplanned	DK2	Ørsted Bioenergy & Thermal Power A/S	Avedøreværket AVV1	2022-01-24	2022-01-28	3 dagar	254	104-254	Link 8
Planned	NO2	Statkraft Energi AS	Kvilldal G4	2022-01-26	2022-01-28	2 dagar	310	310	Link 9
Unplanned	NO2	Lyse Produksjon AS	Lysebotn 2 G2	2022-01-26	2022-02-02	7 dagar	185	185	Link 16
Unplanned	NO2	Statkraft Energi AS	Kvilldal G1	2022-01-03	2022-01-24	21 dagar	310	310	Link 17
Planned	NO4	Statkraft Energi AS	Nedre Røssåga G1	2022-01-25	2022-01-27	2 dagar	225	0-225	Link 23
Planned	NO5	Hydro Energi AS	Tyin G2	2022-01-31	2022-02-04	4 dagar	187	187	Link 26

² Kjelde: <http://umm.nordpoolspot.com/> ("Urgent Market Messages (UMM)")

Overføring

Type	Publisert av	Eining	Dato fra	Dato til	Varighet	Installert (MW)	Utilgjengeleg (MW)	Link til UMM
Unplanned	Energinet	DE-TenneT → DK1	2021-12-25	2022-02-06	43 dagar	2500	1140-1750	Link 1
Unplanned	Energinet	DK1 → DE-TenneT	2021-12-25	2022-02-06	43 dagar	2500	1210-1800	Link 1
Unplanned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2022-01-30	2022-02-07	8 dagar	6200	900-1200	Link 6
Unplanned	Svenska kraftnät	DK2 → SE4	2022-01-30	2022-02-07	8 dagar	1700	800-900	Link 6
Unplanned	Svenska kraftnät	DK1 → SE3	2022-01-20	2022-04-01	71 dagar	715	370	Link 7
Unplanned	Svenska kraftnät	SE3 → DK1	2022-01-20	2022-04-01	71 dagar	715	370	Link 7
Planned	Svenska kraftnät	SE4 → SE3	2022-01-24	2022-01-28	4 dagar	2800	400	Link 10
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2022-01-24	2022-01-28	4 dagar	6200	800	Link 10
Unplanned	Energinet	DK2 → DE-50Hertz	2022-01-22	2022-01-27	5 dagar	985	585	Link 11
Unplanned	Energinet	DE-50Hertz → DK2	2022-01-22	2022-01-27	5 dagar	1000	600	Link 11
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK2	2020-06-08	2022-11-22	897 dagar	1000	0-1000	Link 12
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK2	2020-06-15	2022-11-15	883 dagar	1000	0-1000	Link 13
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK2 → DE-LU	2020-06-15	2022-11-15	883 dagar	985	336-985	Link 14
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK2 → DE-LU	2020-06-08	2022-11-22	897 dagar	985	336-985	Link 15
Planned	Energinet	NO2 → DK1	2019-11-19	2023-06-30	1319 dagar	1632	0-1024	Link 20
Planned	Energinet	DK1 → NO2	2019-11-19	2023-06-30	1319 dagar	1632	0-830	Link 20
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → NO2	2022-01-14	2022-01-31	17 dagar	1444	44-1444	Link 21
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	NO2 → DE-LU	2022-01-14	2022-01-31	17 dagar	1444	44-1444	Link 22
Planned	Svenska kraftnät	SE2 → SE3	2022-01-01	2022-03-15	73 dagar	7300	800	Link 25
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → NO1	2022-01-01	2022-03-15	73 dagar	2095	1545	Link 25
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → DK1	2022-01-01	2022-03-15	73 dagar	715	415	Link 25
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2022-01-01	2022-03-15	73 dagar	6200	1200	Link 25
Planned	Svenska kraftnät	FI → SE3	2022-01-01	2022-03-15	73 dagar	1200	900	Link 25
Planned	Statnett SF	NO2 → GB	2021-10-01	2022-03-14	165 dagar	1400	350-700	Link 27
Planned	Statnett SF	GB → NO2	2021-10-01	2022-03-14	165 dagar	1400	350-700	Link 27
Unplanned	Statnett SF	GB → NO2	2021-11-09	2022-02-14	97 dagar	1400	700-1400	Link 28
Unplanned	Statnett SF	NO2 → GB	2021-11-09	2022-02-14	97 dagar	1400	700-1400	Link 28

Planned	Svenska kraftnät	SE2 → SE3	2021-11-16	2022-03-15	119 dagar	7300	1000	Link 29
Planned	Svenska kraftnät	SE1 → SE2	2021-11-16	2022-03-15	119 dagar	3300	400	Link 29
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2021-11-16	2022-03-15	119 dagar	6200	1000	Link 29

Forbruk

Type	Område	Publisert av	Eining	Dato fra	Dato til	Varighet	Installert (MW)	Utilgjengeleg (MW)	Link til UMM
Planned	FI	UPM Energy Oy	Rauma Paper Mill / PM	2021-12-29	2022-02-19	51 dagar	185	165	Link 18
Planned	FI	UPM Energy Oy	Jämsänkoski Paper Mill / PM	2021-12-31	2022-02-19	50 dagar	200	180	Link 19
Planned	SE2	Volue Market Services AS	SCA Ortviken, Sundvall Paper Mill	2021-01-19	2023-12-31	1076 dagar	240	100-210	Link 30